

**Austebrygd skule,  
5939 Sletta**

## Referat frå foreldrerådsmøte tirsdag 20. september 2016

### **1. Saker frå FAU:**

#### **Årsmelding og orientering om rekneskapen.**

Geir Olav orienterte om aktivitetane året 15/16 og Marit Ystebø om økonomien:  
-foreldrerådsmøte der rektor orienterte om Zero arbeidet og gjekk gjennom resultata av foreldreundersøkinga.  
-dugnadshelg der uteleikestativa vart montert og området rundt ferdigstilt. Her var det svært god oppslutning frå foreldra.  
-ansvar for mat til juleavslutninga og til foreldrefestane  
-FAU hadde også i år ansvar for 17.mai arrangementet i Sletta krinsen og medansvar for sommarfesten og avslutningsfesten for 7.klasse.  
-sponsa bussen og lommepengar til 7. klasse sin leirskuletur til Kinsarvik.  
Det kom fram at 17. mai arrangementet ikkje har gitt så stort overskot som tidlegare år. Det vert jobba med dette for å sjå kva som kan gjerast annleis. Det vart også «lufta» om det kunne vera ein idé å samla inn pengar til klasseskassar. Geir Olav takka for godt samarbeid med skulen.

#### **Geir Olav presenterte så FAU FOR 16/17:**

Leiar: Jannicke S. Nordanger  
nestleiar: Hildegunn Sivertsen  
Skrivar: Monika Gabrielli  
Kasserar: Marit Ystebø  
(sjå vedl. om foreldrekontakte m.m.- desse ligg også på foreldresidene på «It's learning»)

Rektor, Torunn T. Hovden, takka avtroppande leiar Geir Olav Repål og resten av FAU for svært godt samarbeid.

### **2. Austebrygd på Bogatunet – og aktivitetar på skulen om "gamle dagar".**

- kort presentasjon av "Bogatun-veka" gjennom ord og bilde

### **3. Informasjon frå rektor vedr. elevane sin rett til eit godt skolemiljø**

#### **Psykososialt skolemiljø:**

Opplæringslova § 9 a handlar om eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø. Opplæringslova § 9a-1 gjer eleven ein individuell rett til eit godt psykososialt miljø som fremmar helse, trivsel og læring. Kapittel 9a inneheld både krav til skulen sitt arbeid retta mot enkeltelevar og krav til skulen sitt systematiske arbeid .Kapittel 9a vert ofte omtala som "elevene si arbeidsmiljølov" og skal sikra at eleven får eit minst like godt vern av sitt miljø som arbeidstakrar.

Lova fastslår at både tilsette og leiing har ansvar for at krenkingar og mobbing sluttar straks.

Dersom tilsette får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøke saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mulig, sjølv gripe direkte inn.

Dersom elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, skal skulen handsame saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Om skulen ikkje innan rimelig tid har tatt stilling til saka, vil det kunne klagast etter grunnlaga i forvaltningslova. Rektor har ansvar for at skulen arbeider kontinuerlig og systematisk med skulemiljøet.

Dette kan du lesa meir på



[www.nullmobbing.no](http://www.nullmobbing.no)

På Austebygd skule sine heimesider er det link til denne adressa.

Når foreldre ber om tiltak bør dette gjerast skriftleg, det ligg også ein mal for dette, «Når foreldre ber om tiltak for eit betre skulemiljø», på heimesidene våre.

Vårhalvåret 2016 har det vore tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland hjå Radøy kommune og Sæbø skule når det gjeld elevane sitt sosiale miljø. Dette tilsynet har resultert i at Radøy kommune har laga «Internkontroll vedkomande elevane sitt skulemiljø»- kap. 9a i opplæringslova- der målet er at:

- skuleigar skal sikra eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte- opplæringslova §13.10
- skulane skal sikra systematisk arbeid for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.

Rektor gjekk m.a gjennom måla for Austebygd skule sitt arbeid for eit godt skulemiljø:

kvar elev skal oppleva:

- å trivast og kjenna seg trygg på skulen
- eit skulemiljø fritt for krenkjande ord og handlingar
- å kjenna seg inkludert i sin eigen klasse og på skulen.

Skulen sitt systematiske arbeid for eit godt skulemiljø:

- god kontakt skule-heim
- stort fokus på relasjonsbygging på alle plan
- TL aktivitetar i friminutta, elevrådsarbeid
- eit observant personale som ser den enkelte og «bryr seg»
- godt klassemiljø- kontaktlærar svært viktig her
- aktiv bruk av ordensreglar/klasseromsreglar
- arbeid med sosial kompetanse- fast kvar veke
- vaksne alltid «tett på» (inspeksjon, når elevane et ol)
- elevundersøkingar (nasjonale og lokale)
- skulen sin plan for godt skulemiljø

Austebygd skule, 23. september 2016

Vigdis Villanger  
Ref.